
Saknr: 2020/46327-4
Saksbehandlar: Nils Geir Myrkaskog

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		
Fylkestinget		09.06.2020

Årsrapport 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forslag til innstilling

- Årsrapport 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering
- Årsrapport finansforvaltning 2019 for Sogn og Fjordane vert teken til orientering
- Årsrapport konsesjonskraftforvaltning 2019 for Sogn og Fjordane vert teken til orientering
- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til orientering
- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for eldre 2019 vert teken til orientering

Samandrag

I denne saka vert

- Årsrapport 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Årsrapport 2019 finansforvaltning for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Årsrapport 2019 konsesjonskraftforvaltninga for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Årsmeldinga 2019 frå Fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne og
- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for eldre

lagt fram for Vestland fylkesting til orientering

Rune Haugsdal
fylkesrådmannIngrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

0Vedlegg

- 1 Årsrapport 2019 retta 1604
- 2 rapportering finans- og gjeldsforvaltning 2019 inkl uttale revisor
- 3 rapportering konsesjonskraftforvaltning 2019
- 4 Årsmelding 2019 Rådet for eldre_
- 5 Årsmelding 2019 Rådet mennesker med nedsett funksjevne_

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova, § 48 pkt. 5, omtalar årsrapporten slik:

I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunen eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultat av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.

I skriv av 19 desember 2019 har fylkesrådmannen skissert ei slik handsaming av årsrapportering på finansforvaltning og konsesjonskraft 2019 for Sogn og Fjordane

«Rapportering på finans- og konsesjonskraftforvaltning pr. 31.12.19

I følge Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt finansreglement og strategi for sal av konsesjonskraft skal fylkesrådmannen leggje fram rapportar om finans- og konsesjonskraftforvaltninga til fylkestinget tre gonger i året. Rapporteringa skal skje etter kvartal og pr. 31.12.

Det er eit krav i gjeldande finansforskrift at det skal leggest fram ein rapport til fylkestinget som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året. Når det gjeld rapporteringa på konsesjonskraftforvaltninga er det noko fylkestinget i Sogn og Fjordane sjølv har vedteke.

For å følgje opp dette ber eg om at det vert lagt til rette for at desse to rapportane vert utarbeidd etter same mal som tidlegare. Rapportane skal leggest fram for fylkestinget i Vestland i same sak som årsrapporten.»

Vedtakskompetanse:

Fylkestinget

Vurderingar og verknader:

Hovudutvala legg ikkje fram eigne årsmeldingar, jf. vedtak FT-sak 48/13. Det er vidare lagt til grunn at årsrapporten og tilstandsrapporten for vidaregåande opplæring no er samordna. Dette sparar oss for sakshandsamingskapasitet og bidrar til forenkling.

I tidlegare Sogn og Fjordane gjekk årsrapporten fyrst til hovudutvala før det gjekk til fylkesutval/fylkesting. I år føl ein praksis frå tidlegare Hordaland slik at årsrapporten går rett til fylkesutvalet og fylkestinget. Årsrapport for 2019 følgjer saka som vedlegg 1.

Fylkesrådmannen viser særleg til kapitlet «fylkesrådmannen har ordet» frå s. 4 i års rapporten. Fylkesrådmannen gjev her m.a. ei kortfatta oppsummering av året 2019.

Fylkeskommunen si økonomiske stilling er vurdert/framstilt frå s. 13 - 23. For ein meir detaljert gjennomgang av drifta på sektornivået, vert det vist til s. 24 - 106. «Fylkeskommunen som arbeidsgjevar» er omtala s. 106 - 112.

Etisk standard, likestilling/likeverd og mangfald, betryggande kontroll

Kommunelova krev (også) at ein i årsrapporten rapporterer på kva som er gjort for å;

- Sikre ein høg etisk standard i fylkeskommunen
- Fremje likestilling, likeverd og mangfald i fylkeskommunen
- Sikre betryggande kontroll.

Etisk standard

Verdigrunnlaget til fylkeskommune vart revidert av fylkestinget i desember 2014. Dei grunnleggande verdiane til Sogn og Fjordane fylkeskommune er:

- Innsikt, vi skal aktivt skaffe oss innsikt i noko
- Integritet, vi har vilje/evne til å halde viktige prinsipp og vere sjølvstendige
- Openheit, vi har respekt for noko(n), viser respekt og tek omsyn
- Respekt, vi er demokratisk forankra og vernar om demokratiet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å ha høg tillit i samfunnet, levere gode tenester, bidra til utvikling i fylket, vera demokratisk forankra og å verne om demokratiet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg stor vekt på at etisk haldning også må få gjennomslag i praktisk handling m.a. ved å:

Følgje lover, føresegner og ordningar elles som gjeld for fylkeskommunen

- Ta opp tilhøve som ein meiner er feil
- Forvalte fylkeskommunen sine ressursar på ei best mogleg måte
- Å vera lojal mot fylkeskommunen sine overordna mål
- Å visa andre respekt i omtale og handling.

Verdigrunnlag og etisk haldning vert halde «levande» ved m.a. å vera fast innslag på alle samlingar med nyttilsette.

Likestilling, likeverd og mangfald

Likestillingsutvalet vedtok 4 juni 2014 ei justering av handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfald. Planperioden er 2014 - 17. Den justerte handlingsplanen byggjer vidare på handlingsplanen som FT vedtok i juni 2009, men med justering av mål og delmål.

Det berande prinsipp for den justerte handlingsplanen er at mangfald er ein ressurs, og at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vera inkluderande, syne omsorg og ha respekt for alle. For meir detaljerte opplysningar om oppfølging av handlingsplanen viser vi til årsrapporten s. 113 - 119.

Betryggjande kontroll

Det er ikkje meldt om særlege risikoområde for utgreiing innan internkontrollsystemet frå avdelingane. For meir utfyllande opplysningar om forvaltningsrevisjon og internkontroll viser vi til årsrapporten s. 120 - 121.

Uttale revisjonen

Revisjonen har i sin revisjonsmelding, dat. 20 april 2020, konkludert slik om årsrapporten:

«Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.»

Andre årsmeldingar

I tillegg ligg det føre årsmelding frå:

- Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2019
- Fylkesrådet for eldre 2019
- Årsrapport finans- og gjeldsforvaltning Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019
- Årsrapport konsesjonskraftforvaltning Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019

I tråd med praksis tidlegare år vert desse lagt fram for fylkestinget i same sak som årsmeldinga.

Fylkesrådmannen viser til årsmeldingane.

Konklusjon

- Årsrapport 2019 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering
- Årsrapport finansforvaltning 2019 for Sogn og Fjordane vert teken til orientering
- Årsrapport konsesjonskraftforvaltning 2019 for Sogn og Fjordane vert teken til orientering

- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til orientering
- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for eldre vert teken til orientering

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant